



Arkivnr: 2014/1022-24

Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Solveig Lohne Rongved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		21.01.2014

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Prioritering av søknader til Riksantikvaren 2015

Samandrag

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner (BARK) er ei nasjonal satsing på skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne i regi av Riksantikvaren. Fylkeskommunen er ein av aktørane som har høve til å søkja midlar gjennom denne ordninga. I sak 129/14 oktober 2014 vedtok fylkesutvalet ei regional tilpassing av tilskotsordninga med betre lokal forankring. Samstundes vart det vedteke at Kultur- og ressursutvalet avgjer kva søknader som skal sendast vidare til Riksantikvaren.

For 2015 har fylkeskommunen motteke seks søknader på til saman kr. 942.050,- frå fem ulike kommunar. Prosjekta gjeld tilrettelegging av gravfelt, tilrettelegging av steinalderkultursti, skilt for gravrøyser, restaurering og skjøtsel av del av Nordmannsslepa, skjøtsel og skilting av øydegard, og skjøtsel og skilting av gravrøys og nausttuft. Søknadene vert vidaresendt til Riksantikvaren for avgjerd om statleg tilskot.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet sender alle innkomne søknader om BARK-midlar vidare til Riksantikvaren med likestilt prioritering for alle prosjekta. Der det er kome inn fleire søknader frå same kommune, ber Kultur- og ressursutvalet om at det vert lagt vekt på kommunal prioritering.
2. Hordaland fylkeskommune vil prioritera dei omsøkte prosjekta i 2015, samt oppstart av eventuelle nye prosjekt med tanke på gjennomføring i 2016.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.01.2015

Bakgrunn

Bevaringsprogram for utvalde arkeologiske kulturminne – BARK – er ei tiårig satsing på skjøtsel og tilrettelegging i regi av Riksantikvaren med midlar frå statsbudsjettet kapittel 1429 post 70.

Fylkeskommunane, sametinget og landsdelsmusea har høve til å søkja om midlar til dokumentasjon, skjøtsel og sikring, formidling, tilrettelegging og FoU-prosjekt frå ordninga.

I 2012 vart det utarbeidd ei prioritering av kulturminne som var aktuelle for skjøtsel og tilrettelegging i Hordaland. Kommunane gav innspel til lista, og fylkesutvalet vedtok prioriteringa i sak 280/12 21.11.2012. 30.10.2014 vedtok fylkesutvalet å endre dei fylkeskommunale søknadsprosedyrane for BARK for å forankra prosjekta betre lokalt. Det vart utarbeidd eit søknadsskjema og informasjon om ordninga vart lagt ut på nettsidene til fylkeskommunen. I tråd med retningslinjene skal Kultur- og ressursutvalet avgjera kva søknader som skal prioriterast etter innstilling frå fylkesrådmannen.

Ved prioritering skal det leggjast vekt på følgjande moment (i uprioritert rekkefølge):

- *Tiltak med særleg høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale*
- *Tiltak med stort lokalt engasjement*
- *Tiltak i kommunar der det ikkje tidlegare er skjøtta- og tilrettelagte arkeologiske kulturminne*
- *Tiltak med universell utforming*
- *Kulturminne som er prioriterte av kommunane*

I tillegg er det krav om at det skal vera starta opp arbeid med kulturminneplan i den aktuelle kommunen, samt at det aktuelle kulturminnet skal stå på BARK-prioriteringslista.

Oversikt over innkomne søknader 2015 (i vilkårleg rekkefølge)

Hordaland fylkeskommune har motteke totalt 6 søknader om BARK-midlar.

<i>Hæreidsmoen</i>	Eidfjord kommune (150.000,-)
<i>Fosnstraumen steinalderområde</i>	Austrheim kommune og Radøy kommune (110.000,-)
<i>Del av nordmannsslepa, Munketreppene</i>	Munketreppenes Vener (I Ullensvang herad) (400.000,-)
<i>Kulturminne på Rommetveit</i>	Stord kommune (92.050,-)
<i>Hystadmarkjo</i>	Stord kommune (180.000,-)
<i>Øydegarden Høybøen, Vindenes</i>	Fjell kommune (10.000)

Alle seks søknader er prosjekt der det er gjennomført møter med fylkeskommunen i forkant av søknadstidspunktet. Alle søknadene fyller krava om rett søkjar, kulturminneplan under arbeid, og at det aktuelle kulturminnet står på BARK-prioriteringslista.


Prosjektskildring

Hæreidsmoen

Søkjær: Eidfjord kommune
 Prosjektkostnad: 421.000,-
 Søknadssum: 150.000,-

Om prosjektet:

Gravfeltet på Hæreidsmoen er det største gravfeltet på Vestlandet. Det ligg i utmarka på Hæreidterrassen i nær tilknytning til landbruksområde som framleis er i drift. Eidfjord kommune har sendt søknad om midlar til vegetasjonsrydding og oppgradering og utbetring av eksisterande tilrettelegging av gravfeltet. Gravfeltet vart tilrettelagt med kultursti og skilt og informasjonsfolder på byrjinga av 2000-talet, men tilrettelegginga er no nedsliten og dels manglande. Området er mykje tilgrodd, noko som gjer gravminna utsett for skade frå rotvelte og gjer det vanskeleg å formidla kulturminna i området. Manglande merking fører til ulempe for fastbuande. Eidfjord kommune har dei siste to åra lagt store ressursar i å få utarbeidd ein skjøtselsplan for området i samråd med grunneigarane og lokale eldsjeler. Turstien gjennom gravfeltet er mykje brukt, og potensialet for formidling til turistar og lokale er stort.



Eidfjord kommune søkjær om midlar til å gjennomføra vegetasjonsskjøtsel, føra opp gjerder for vedlikehald av skjøtsel ved beiting, og utbetra merking, skilt, folder og tilrettelegginga generelt. Ein tiltak omfatta av søknaden er å skifta ut eksisterande, låge stokkbenkar med benkar med universell utforming, for å gjera det lettare for brukarar med trong til å kunne kvile på vegen å få tilgang til området.

Vurdering:

- Området har høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale
- Det er gjennomført ein svært god prosess kring utarbeiding av skjøtselsplan og tiltaket er godt forankra blant grunneigarar og lokale eldsjeler.
- Tiltaket er oppgradering av det einaste tilrettelagte kulturminneområdet i kommunen.
- Utplassering av universelt utforma benkar vil gjera området meir tilgjengeleg for brukargrupper med trong til kvile ved gange over moderate avstandar.
- Tiltaket er sterkt prioritert av kommunen, og prosjektet har vore ynskt av kommunen i fleire år.

Hæreidsmoen er det største gravfeltet på Vestlandet. Området er mykje nytta i samband med turisme, og det er mykje brukt av lokale. Tilrettelegginga er no svært dårleg. Tilstanden sømer seg ikkje eit viktig kulturminneområde og er ikkje eigna til å skapa gode haldningar for kulturminne. Kommunen har gjort ein langsiktig og god prosess med god forankring blant eldsjeler og grunneigarar og fagkompetanse på fleire område, og prioriterer området sterkt. Området har store formidling- og opplevingsmessige verdiar, og stort lokalt engasjement. For fylkeskommunen er det ynskjeleg at tilretteleggingar er av ein kvalitet som er eigna til å føra til gode haldningar og respekt for kulturminne. Det er difor positivt med oppgradering av eldre tilretteleggingar.

Fosnstraumen steinalderområde

Søkjjar: Austrheim kommune og Radøy kommune

Prosjektkostnad: 220.000,-

Søknadssum: 110.000,-

Om prosjektet:

Fosnstraumen er det området på Vestlandet med tettast konsentrasjon av steinalderbuplassar. På begge sider av Fosnstraumen er det ei mengd steinalderbuplassar, og nokon av buplassane i området er utgravne. Austrheim kommune og Radøy kommune har sendt felles søknad om midlar til førebuande planlegging av skjøtsel og tilrettelegging av steinalderområdet kring Fosnstraumen. Kulturminneområdet er fyrste prioritet på BARK-lista og initiativet er godt forankra i dokument vedtekne av kommunestyret i begge kommunane. Det er i dag ei eldre tilrettelegging her som er dårleg vedlikehalde. Tilrettelegginga består av ein sti med fleire skilt som går på begge sider av straumen. Skilta er utdaterte og i fleire tilfelle ikkje lenger leselege. Stien er vanskeleg å finna og stadvis svært våt. Lokaliseringa av stien i høve til steinalderbuplassar må òg vurderast nærare. Delar av området er tilgrodd og bør ryddast.



Austrheim kommune og Radøy kommune søker i samarbeid om midlar til utarbeiding av skjøtelsplan, produksjon og etablering av nye skilt, vegetasjonsarbeid og oppgradering av sti på begge sider av straumen, og reparasjon av steinalderlavvo som vert nytta i formidlingsarbeidet. Kommunane ser arbeidet med formidling av området som eit langsiktig prosjekt, der ein vil ta til med oppgradering av den eksisterande tilrettelegginga og utarbeiding av skjøtelsplan, og på bakgrunn av dette arbeida vidare med området.

Vurdering

- Området har høge opplevingsverdiar og stort formidlingspotensiale
- Prosjektet er nyleg starta men er godt forankra blant fleire grunneigarar og initiativtakarar til formidlingsprosjekt.
- Tiltaket er oppgradering av det einaste tilrettelagte kulturminneområdet i kommunen.
- Det er ikkje planlagt tiltak for universell utforming i denne søknadsrunden.
- Tiltaket er sterkt prioritert av begge kommunar, som ser området som ein heilskap. Prosjektet er svært godt forankra i politisk vedtekne dokument i begge kommunar. Det er halde fleire møter over fleire år der kommunane har ynskt å gjennomføra tiltak i dette området.

Området står i ei særstilling både som kunnskapsressurs og formidlingsressurs. Lokaliseringa av buplassane i eit område som i lita grad er påverka av moderne inngrep og i nær tilknytning til straumen gjev gode moglegheiter for formidling og oppleving. Stien knyt formidlinga opp mot friluftsliv og folkehelse. Eldre og dårlege tilretteleggingar er lite eigna til å synleggjera verdien og nytten av kulturminne. Oppgradering av slike tilretteleggingar er difor like relevant som å starta opp nye prosjekt. Fosnstraumen som samla kulturminneområde er viktig i regional samanheng, og det er positivt at Austrheim og Radøy ser området som ei eining og vil samarbeida om formidling og tilrettelegging. Prosjektet har stort formidlingspotensiale og høg opplevingsverdi. Det er sterkt prioritert av kommunane, og er aktuelt i høve til friluftsliv og folkehelse.

Munketreppene – Del av Nordmannsslepa

Søkjar: Munketreppenes Vener

Prosjektkostnad: 1.985000,-

Søknadssum: 400.000,-

Om prosjektet:

Munketreppene er ein del av søre Nordmannsslepa som går opp frå Opedal i Ullensvang herad. Dette er ei såkalla trappeslepe, der det er mura steintrapper opp den bratte lia for å gje tilkomst til fjellet for folk og kløvhest. Lokal tradisjon seier at det var munkene som mura trappene, derav namnet. I dag er trappene i ferd med å verte øydelagt av erosjon, ras og andre naturprosessar. Fleire murar er undergrave og delar av trappene er skeive, utrasa eller på andre måtar ikkje lenger brukande. Løypa er ikkje lenger trygg å bruka med kløvhest. Munketreppenes Vener er eit lokalt venelag oppretta for å ta vare på trappene, og dei ynskjer restaurera trappene slik at desse vert trygge å bruka for folk og dyr. Som del av eit automatisk freda kulturminne er det viktig at dette



vert gjort på ein skånsam måte, og venelaget var tidleg i kontakt med fylkeskommunen som vernemynde. Fylkeskommune har vore på fleire synfaringar og venelaget har gjennomført eit forprosjekt for arbeidet. Munketreppenes Vener søkjer om midlar til restaurering av trappene, til dømes reparasjon av oppmura parti, drenering av vatn vekk frå løypa, reparasjon av trapper der desse er i ferd med å gli ut, med meir. Steinarbeidet må utførast av profesjonelle, noko som gjer auka kostnad til arbeidet. Det er allereie utført mykje arbeid på dugnad i form av vegetasjonsrydding for å gjera området klart til restaurering av steinarbeidet.

Vurdering

- Kulturminnet har høgt formidlingspotensiale og opplevingsverdi.
- Prosjektet er svært godt lokalt forankra, og søkjar er eit venelag oppretta for prosjektet. Mykje arbeid er gjennomført på dugnad.
- Det er andre tilrettelagte kulturminne i Ullensvang, men det aktuelle kulturminnet i dette prosjektet har trong til skjøtsel for å vera trygg for ferdsle.
- Det er ikkje planlagt tiltak for universell utforming, men skjøtsel og restaurering av kulturminnet vil betra tilkomsten for alle.
- Kommunen er informert om tiltaket, men det er venelaget som er initiativtakar og pådrivar for arbeidet.

Vegar og vegfar er ein kulturminnekategori som er avhengig av bruk. Dersom vegen ikkje kan brukast er det uråd å bevare kulturminnet. Kulturminnet mister òg mykje av meininga dersom det ikkje vert nytta til ferdsel. Det er difor viktig at kulturminnet har god nok tilstand til at det trygt å bruka, samstundes som ein må vera varsam så ein ikkje oppgraderer kulturminnet for mykje og mister det autentiske preget. Forprosjektet og dialogen som har vore med Munketreppenes Vener viser at tiltakshavar har eit medvite forhold til dette, og er innstilt på å samarbeida tett med fylkeskommunen som vernemynde for å sikra eit godt resultat. Vegar og vegfar er ein viktig kulturminnekategori for å fortelja om ferdsle og bruk av område og tilgang til ressursar.

Kulturminne på Rommetveit

Søkjar: Stord kommune

Prosjektkostnad: 184.050,-

Søknadssum: 92.050,-

Om prosjektet:

Ved høgskulen på Rommetveit i Stord kommune ligg det to automatisk freda kulturminne, ei nausttuft frå mellomalder og ein rest av ei gravrøys. Kulturminna ligg tett ved fleire stiar som er laga gjennom området, og er lett tilgjengeleg. Den lette tilkomsten gjer likevel at det er fare for at kulturminna kan verte utsett for aktaus skade så lenge dei som nyttar området ikkje er kjend med dei. Røysresten ligg rett ved ein offentleg badeplass og området der er dels universelt tilrettelagt med handikaptalett. Det er gjort ei rekkje funn i gravrøysa og det er mykje informasjon å formidla til vitjande. Plassering av skilt ved dels universelt tilrettelagt sti vil gjera informasjonen tilgjengeleg for mange. Statsbygg er grunneigar i området, og er svært positiv til prosjektet, og Stord Sogelag er tett involvert i prosjektet. Stord kommune søker midlar til utarbeiding og oppsetjing av to skilt og til universelt utforma benk til å setja opp ved nausttufta.



Vurdering

- Kulturminnet har høgt formidlingspotensiale og opplevingsverdi.
- Prosjektet er godt forankra lokalt. Grunneigar er svært positiv og Stord Sogelag er sterkt involvert i prosjektet.
- Det er tilrettelagt fleire andre kulturminne i Stord kommune.
- Tiltaket vil i stor grad vera universelt utforma, delar av tiltaket meir enn andre.
- Tiltaket er sterkt forankra i kommunen, og det er gjennomført fleire møter og synfaringar med kommune og fylkeskommune.

Det er to andre tilretteleggingsprosjekt i Stord kommune. Prosjektet er initiert av kommunen som ser området som svært aktuelt grunna lokaliseringa, og det ynskje om å nytta området til formidling for born og skular. Då området er tilrettelagt med stiar og er mykje i bruk er det ynskjeleg med formidling og av omsyn til kulturminna. Fylkeskommunen har lenge sett området som eit potensielt tilretteleggingsprosjekt, og er svært positiv til at prosjektet no er initiert av kommunen. Prosjektet er eit samarbeid mellom kommune, sogelag, grunneigar og fylkeskommune. Det er svært positivt at prosjektet har kvaliteter i høve til universell utforming.

Hystadmarkjo

Søkjar: Stord kommune

Prosjektkostnad: 361.500,-

Søknadssum: 180.000,-

Om prosjektet:

Hystamarka er eit naturreservat i Stord kommune der det i tillegg til viktig flora ligg fleire gravrøyser. Det går ei turløype gjennom området og det er sett opp fleire skilt, men fleire av desse er no utdatert og skadd eller elles lite leselege. Området er mykje brukt av både lokale, tilreisande og av skulane. Stord kommune søker om midlar til å oppdatere og skifte ut desse skilta for å gjera området meir attraktivt og formidla kulturminna på ein betre måte. Kommunen ynskjer oppgradera skilta med betre illustrasjonar og meir tilgjengeleg tekst for å appellera til eit breiare publikum. Delar av stien er universelt utforma, og nye skiltstativ vil gjera skilta meir tilgjengeleg for mellom anna rullestolbrukarar.



Vurdering

- Kulturminnet har formidlingspotensiale og opplevingsverdi.
- Området er mykje nytta til turgåing og av skular.
- Det er tilrettelagt fleire andre kulturminne i Stord kommune.
- Stien er universelt utforma på eine sida av løypa. Nye skilt vil verte plassert så dei er tilgjengeleg for alle.
- Tiltaket er initiert av kommunen, som ynskjer at området skal stå fram på ein god måte og at informasjonen skal vera lett tilgjengeleg.

Eldre tilretteleggingar treng oppfølging og oppgradering. Eldre skilt toler mindre slitasje og er ofte mindre pedagogisk tillaga. Det er viktig å følgja opp og arbeida vidare med eksisterande tilretteleggingar for å halda desse oppdatert og aktuelle for folk flest. Sjølv om informasjonen ein formidlar i lita grad vert endra, er måten ein presenterer informasjon til folk i stadig endring. Slitte og øydelagde skilt gjev eit lite positivt inntrykk av kulturminne og forvaltninga av desse. Det er positivt at kommunen ikkje berre ynskjer nye prosjekt, men òg ser verdien av å ha god kvalitet på eksisterande tilrettelegging. Området er mykje nytta til turgåing og av skular, og det er difor mange som kjem i kontakt med formidlinga, noko som gjer det særleg viktig at denne er av god kvalitet.

Høybøen øydegard, Vindenes

Søkjar: Fjell kommune

Prosjektkostnad: 65.000,-

Søknadssum: 10.000,-

Om prosjektet:

Høybøen er eit øydegardsanlegg som ligg på Vindenes i Fjell kommune. Anlegget består av to hustuffer, ei nausttuff, fleire rydningsrøyser og fleire gravrøyser. Kulturminna vart utgrave på 1970-talet, og seinare restaurert. Dette gjer at ein har særleg mykje informasjon om anlegget. Området er urørt av moderne påverknad og står fram som svært autentisk. Høybøen er spesiell i internasjonal samanheng, og i området kring sjølve øydegarden er det funne ei rekkje steinalderbuplassar. Det er omlag 30 min gange til øydegarden, og området er brukt til turgåing. Fjell kommune søkjer no om midlar til å setje opp skilt i området, og ynskjer deretter å rusta opp turstien og sjå på moglegheitene for bruk av digital formidling.



Vurdering

- Kulturminnet har svært høgt formidlingspotensiale og opplevingsverdi.
- Prosjektet er godt forankra blant grunneigarar og andre
- Det er ikkje andre tilrettelagte kulturminne i Fjell kommune
- Det er ikkje planlagt tiltak for universell utforming, men tiltaket vil betra tilkomsten for alle
- Tiltaket er sterkt forankra i kommunen, og det er gjennomført fleire møter og synfaringar med kommune og fylkeskommune.

Prosjektet har lenge vore planlagt gjennomført frå både kommune og fylkeskommunen si side. Det aktuelle kulturminneområdet er spesielt òg i internasjonal samanheng, og ein har mykje kunnskap om staden som kan formidlast til vitjande. Området er mykje i bruk som turområde og kulturminna er sårbare for akklause skade med omsyn til flytting av stein, tillaging av gruer for fyring av bål, med meir. Fylkeskommunen ynskjer i 2015 i samråd med Universitetsmuseet i Bergen å restaurera ei gravrøys i området, og ser prosjekta i samanheng. Prosjektet kan knytast opp til friluftsliv og turgåing

Prioritering

Alle dei innkomne søknadene er prioriterte av kommunane eller har anna sterkt, lokalt engasjement. Tre av søknadene dreier seg om oppgradering av ei eksisterande tilrettelegging. Dei andre søknadene er anten prosjekt som er naudsynt å gjennomføra av omsyn til tryggleiken til kulturminnet og dei som ferdast ved det, eller prosjekt som det lenge har vore ynskje om å få gjennomført. Alle dei aktuelle prosjekta har kvalitetar som gjer dei høgt prioritert for Hordaland fylkeskommune, og alle søkjarane har hatt dialog med fylkeskommunen før innsending av søknad og har orientert godt om planane sine.

Etter ei samla vurdering finn fylkesrådmannen at alle søknadene fyller kriteria for ordninga og at ein difor vil gje dei lik prioritering før vidareending til Riksantikvaren. Stord kommune har sendt to søknader; «Kulturminne på Rommetveit» og «Hystadmarkjo». Her har kommunen sjølv satt ei rangering der «Kulturminne på Rommetveit» er prioritert høgast.

Søknadsprosedyre

Kommunar og lokale organisasjonar hadde søknadsfrist 1. desember 2014 for å senda søknader til fylkeskommunen. Grunna kort tid mellom midla vart offentleggjort og søknadsfrist vart det gitt utsett frist der det var trong til dette. Søknadsfrist til Riksantikvaren for BARK i 2015 er sett til 30. januar. Søknaden vert sendt til Riksantikvaren innan denne fristen og vedtaket til KURE vert lagt ved søknaden. Ein vil be Riksantikvaren om å leggje til grunn KURE sitt vedtak i saka ved tildeling av midlar til tiltak i Hordaland.